

# Referat frå årsmøtet i Bondeungdomslaget i Molde

Tid: Onsdag 2. desember 2009.

Stad: Reknes Ungdomshus.

Til stades: 13 medlemmer.

## 1. Formalitetar

Lars Staurset frå arbeidsutvalet (AU) opna møtet. Innkallinga vart godkjend. Møtet valde desse funksjonane:

Møteleiar: Lars Staurset

Referentar: Byrge Fitje og Irene Møllersen Bell

Protokollunderskrivarar: Jonn Nordbø og Arild Jacobsen

## 2. Årsmeldingar

Lars Staurset refererte årsmeldinga frå AU. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Det vart notert 3 endringar. Under arbeidsutvalet skal det stå at Torill Steien har fungert i staden for Noralv Bell i AU hausten 09. Under leikøvingar haust 2009 skal ein skrivefeil i ordet fortjenstmedalje rettast. Under medlemstal skal årstalet rettast til 09.

Med desse endringane vart årsmeldinga godkjend.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Det vart notert 1 endring. Under utleige skal det stå at hytta har vore utleigd 20 gonger. Med denne endringa vart årsmeldinga godkjend.

## 3. Orientering om Reknes Ungdomshus

Byrge Fitje orienterte om Reknes ungdomshus.

Årsmøtet rettar ein stor takk til styret i Reknes ungdomshus.

## 4. Rekneskap for 2009

Arild Horrstad gjekk gjennom hovudtrekka i rekneskapen og svara på spørsmål.

Arild Jacobsen las revisormeldinga.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

Årsmøtet tok pause og god mat vart servert.

## 5. Medlemspengar

Til sak 5 hadde AU eit forslag om å auke medlemspengane frå kr 300 per år til kr 350 per år. På årsmøtet kom det merknad om at ungdomsmedlemmer under 26 år skal betale halv kontingent.

Med denne merknaden vart forslaget frå AU samrøystes vedteke.

## 6. Budsjett

Budsjettforslaget frå AU var lagt ut, og Bente Myklebust presenterte forslaget.

Budsjettet vart vedteke utan merknader.

## 7. Val

Lars Staurset la fram innstilling frå valnemnda.

### *Arbeidsutvalet (AU)*

Leiar: Lars Staurset

Kirsten Aure

Bente Myklebust

Anne Lise Farstad

Vara: Torill Steien

Alle desse vart valde for eitt år. AU konstituerer seg sjølv.

### *Hyttenemnda*

Arild Horrstad (2 år)

Ingeborg Kleivset (2 år)

Randi Reppe Bell (1 år)

Vara: Åse Marie Longva (1 år)

Desse vart valde.

Nemnda konstituerer seg sjølv.

Sylvfest Bell var ikkje på val. Randi Reppe Bell går inn i staden for Noralv Bell. I tillegg er Svein Solbjørg utleigesjef.

### *Revisorar*

Arild Jacobsen (vara: Frøydis Austigard) og Bente Dyrnes Aarø (vara: Atle Bell).

Dette vart vedteke.

### *Valnemnd*

Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem.

Dette vart vedteke.

## 8. Takk og ære

Ved møteslutt vart det delt ut påskjøningar:

Gåvekort og blomster til danserettleiar Irene Møllersen Bell.

Blomster til rekneskapsførar Arild Horrstad, Svein Solbjørg og AU.

Molde desember 2009

  
Byrge Fitje  
(referent)

Jonn Nordbø



  
Irene Møllersen Bell  
(referent)

  
Arild Jacobsen